

Samferdselsavdelinga
Hordaland Fylkeskommune
Postboks 5
5008 Bergen

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Bergen den 7. Desember 2017

Uttale til ”Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga”

Fylkeseldrerådet har handsama forslaget til endringar i TT-ordninga i møte den 7. desember 2017.
Nedanfor følgjer Fylkeseldrerådet sine synspunkt i saka.

TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon.

Fylkeseldrerådet har, slik det blir nemnt i saksframlegget (side 7/10) tidlegare skrive til samfedselsavdelinga om reglane for TT-kort når ein vert innlagd på institusjon. Rådet ber i skrivet om at det ikkje vert gjort forskjell på dei som kjem under nemninga tunge brukarar og andre brukarar med TT-kort når dei kjem på institusjon, men at det i den situasjonen må gjelde same reglar for alle.

Fylkeseldrerådet er difor særslig glad for at det i dei nye reglane skal vera lik handsaming slik at alle TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon, blir handsama likt, slik det framgår av tabellen over ytingar og reglar der gjeldande reglement og forslag til nytt reglement/ føresegner blir lista opp.

Valg av modellar for kvotetildeling.

Fylkeseldrerådet godtar grunngjevinga i alternativ 1 for å innföra lik grunnkvote til alle brukarar, men med det unnataket som er nemnt om å gi brukarar av elektrisk rullestol ein høgare kvote. (Tabell side 8/10). Vi støttar dermed forslaga til endringar slik dei går fram av tabellen. Sjå likevel kommentar nedanfor om minstealder.

Minstealder for å få livsvarig godkjennig.

Fylkeseldrerådet går ikkje i mot at minstealderen for å få livsvarig godkjenning som TT-brukar, vert auka frå 80 til 85 år, men meiner at den nye grensa må gjelda for nye søkerarar, men ikkje for dei som ved innföring av nye reglar allereie har livsvarig godkjenning fordi dei er over 80 år. Eit slikt unnatak frå den nye regelen vil medföra at ein får ei naturleg utfasing over maksimum 5 år, som er føreslått som ny tildelingsperiode. Ei slik ordning vil også spara ein del sakshandsaming i og med at dei som er over 80 år og dimed allereie har livsvarig godkjenning som TT-kortbrukar, ikkje treng bli vurderte på nytt.

Tildelingsperiode

Fylkeseldrerådet er samd i at tildelingsperioden blir auka frå 4 til 5 år.

All sakshandsaming til fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet ser føremonane ved å samla all sakshandsaming i høve godkjennin som TT-kortbrukar i fylkeskommunen, og ikkje ute i den enkelte kommune. Rådet støttar derfor dette forslaget.

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland